

Elevrådet ved Tryggheim Strand, 19.02.2026

Ta med friskulane i Fellesskoleutvalget!

Me representerer våre 116 elevar frå 1. til 10. trinn der det er eit stort mangfald i bakgrunn, behov og forutsetningar. I tillegg kjem me frå fleire ulike kommunar og møter barn og ungdomar frå andre bygder og kommunar på skulen. Her hjå oss opplever med at det er mangfald, inkludering og fellesskap.

Me, og dei andre friskulane, er med på å bidra til mangfald i den norske skulen. Me tykkjer det er veldig dumt at friskulane/privatskulane ikkje er inkludert i det som de kallar “fellesskolen”. Me er ein like stor del av Noreg som alle andre. Utdanninga me får er viktig og skal gjere oss i stand til å ta vår del av ansvaret for det Noreg treng i framtida. Sjølv om me går på ein friskule er me ein like stor del av samfunnet vårt som andre og er opptatt av at me og dei rundt oss har det bra.

Det er mange elevar i Noreg som går på friskular, og me meiner at denne typen skular òg skulle vore med i utvalget og fått vera med å påverke kva innhaldet i den norske skulen skal vera i framtida. Ved å ikkje inkludere denne typen skular mister de ein del av det det norske fellesskapet meiner og står for.

Anten bør de endre namn på “fellesskolen”, eller inkludere friskulane i det. Ikkje steng oss ute frå fellesskapet!

Helsing

Elevrådet på Tryggheim Strand, 19.2.2026